



Til foreldre og føresette i 6.klasse

Referanser:

Dykker:

Vår: 14/2114 - 19/12461

Saksbehandlar:

Vigdis Valde

vigdis.valde@meland.kommune.no

04.06.2019

## Informasjon om besøk frå Biosfæreprosjektet

Som nokre kanskje er kjende med er Nordhordland iferd med å bli Norges første Biosfæreområde i Norge, godkjent av Unesco. Det vil seie at vår region blir rekna som verneverdig, både med tanke på historie, nåtid og framtid.

Som ein del av arbeidet er det satt istrand ei «Ullrute» i Nordhordland sidan det er mykje sauehald og ein lang tradisjon for å nytte ulla både i heimeproduksjon og i fabrikk. Her på Grasdal jobber vi med lokal ull i kunst- og handverk på 6.trinn. Ulla har vi fått av ein bonde som har barn på her på skulen.

Dei som jobber med Ullruta og Biosfæreprosjektet vil gjerne vise fram korleis vi bruker lokal ull i skulen.

**Onsdag denne veka får vi besøk** frå ei internasjonal gruppe som jobber med berekraftig utvikling av regionane der dei kjem ifrå. Dei kjem frå Canada, Island, Skottland og Finland. Prosjektet, *bærekraftig reiseliv*, er EU-finansiert.

I tillegg til plasser som Lyngheisenteret, Hillesvåg ullvarefabrikk og liknande meir typiske reiselivsmål, kjem dei også hit til oss og får sjå korleis vi og jobber med lokal ull i undervisning.

Vi vil vise dei korleis vi vasker ulla, tørker han, karder, filter – og kanskje til og med spinn han for å få dei materiala vi treng for å sy ein kurv som er sluttproduktet vårt – eit samandrag av kva vi har gjort i timane. Det er nokre elevar som vil presentere arbeidet på engelsk for dei, mens andre helst vil jobbe praktisk. Vi stiller ut litt av arbeidet vi har gjort og det vi gjer (vi er ikkje heilt ferdige).

Når det gjeld fotografering har Irene og eg bestemt at det er vi her på skulen tar bilder slik at vi har kontroll på kva biletene som kjem ut i verda. Det vil seie at elevane ikkje vil bli eksponerte på nokre av biletene.

Med helsing

Vigdis Valde  
inspektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



**Mottakere:**

Til foreldre og føresette i 6.klasse